



Frå eldst til yngst

**Plan for overgangane barnehage – barneskule –
ungdomsskule – vidaregåande skule**

Askvoll, den 02.02.2009

I Rammeplan for barnehagen, kap. 5.1 heiter det:

”Barnehagen skal, i samarbeid med skule, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Planane for overgangen til skule skal vere nedfelt i årsplanen til barnehagen.”

I prinsippa for opplæringa (læringsplakaten) heiter det:

”Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnesteg, barnesteg og ungdomssteg, ungdomssteg og vidaregåande opplæring skal medverke til å lette overgangen mellom dei ulike stega i opplæringsløpet.”

PLAN FOR OVERGANGANE BARNEHAGE – BARNESKULE – UNGDOMSSKULE – VIDAREGÅANDE SKULE

I

ASKVOLL KOMMUNE

INNLEIING:

Hovudmålet med denne planen er å sikre kontinuitet i utdanningsløpet. For at barn og foreldre skal få eit mest mogeleg heilskapleg tilbod til beste for barna sin oppvekst og utvikling, må dei ulike institusjonane samarbeide. Barn og unge skal få oppleve at opplæringstilboda heng saman, og kvar enkelt vert ivareteken ut frå egne føresetnader og behov.

Samarbeid om enkeltbarn skal skje etter samtykke og med medverknad frå foreldra.

Desse føringane gjeld for overgangsarbeidet:

- Ansvar for det praktiske arbeidet i samband med overgangane er forankra hos leiinga, for så å verte delegert.
- Mottakar av barn/elev har ansvar for å ta initiativ og iverksette tiltak.
- Det er innhenta samtykke frå foreldra om overføring av informasjon om enkeltbarn ved alle overgangar
- Foreldra har høve til å vere med på informasjons- og overføringsmøte som gjeld deira barn.
- Informasjonen som vert gjeve er relevant og til barna sitt beste, og vert dokumentert skriftleg.

FØRINGAR FOR OVERGANGEN

BARNEHAGE TIL BARNEHAGE

Mål:

- Gjere barnet kjent med den nye barnehagen og skape mest mogeleg tryggleik rundt barnet ved oppstart.

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Før oppstart i ny barnehage	Innhente skriftleg løyve til å overføre informasjon.	Styrrar i barnehagen der barnet kjem frå.
	Gjennomføre overføringsmøte. <i>Foreldra vert med når det er behov for det.</i> Eller er ønskt av ein av partane.	Styrrar i barnehagen som barnet skal overførast til.
	Invitasjon til besøk i ny barnehage	Styrrar i barnehagen som barnet skal overførast til.

FØRINGAR FOR OVERGANGEN BARNEHAGE TIL SKULE

Mål:

- Å sikre best mogeleg heilskap og samanheng mellom barnehage og skule/SFO
- Å sikre ein trygg og god skulestart og evt. skulefritidstilbod
- Å overføre informasjon etter samtykke og med medverknad frå foreldra

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Våren før siste år i barnehagen	Møte mellom tilsette i skule og barnehage. Gjensidig utveksling av informasjon og drøfting av arbeidsformer og forventningar til oppfølging av 5-åringane. Utveksle planar m/tiltak vedk. overgangane. Lage krinsvis årshjul for samarbeidet i året som kjem	Rektor
August, siste år før skulestart	Sende liste over 5-åringane til skulen dei skal gå på	Styrrar i den enkelte barnehage
September/oktober	Starte opp skuleførebuande tiltak i samarbeid med skulen	Styrrar
Frå sept/okt	Fellesopplegg for 5-åringane i same krins	Styrrarane
Haut/tidleg vår	Samordningsmøte. Planlegge evt. tiltak for det enkelte barn. Drøfte innhaldet i mappa. Foreldra skal ha innsyn og samtykke i kva informasjon som skal overførast	Rektor
Tidleg vår	Informasjonsmøte med nye foreldre om skulen og SFO	Rektor
Vår	Besøksdag på skule og SFO for 6-åringane og foreldre	Rektor
Vår	Førebu og involvere kommande lærarar på 1. årsseg i overføringsarbeidet (føringar, prosessar, møte osv)	Rektor
Sein vår	Overføringsmøte med kontaktlærarane på 1. årssteg. Foreldre vert invitert til å delta	Rektor
Juni	Kontaktlærar er i barnehagen 2 dagar	Kontaktlærar
August	Pedagogisk leiar er på skule 2 – 3 dagar ved skulestart	Pedagogisk leiar

FØRINGAR FOR OVERGANGEN

MELLOMSTEG VED BYTE AV KONTAKTLÆRARAR

Mål:

- Vere med og skape ein god samanheng mellom stega
- Sikre eit optimalt læringsutbyte for den enkelte elev
- Skape heilskap og tryggleik

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Mai	Overleveringsmøte – utveksle nødvendig info til ny kontaktlærer: - om den enkelte elev - arbeidsmåtar, planar, organisering rutinar o.a	Rektor: - for å sette av tid Kontaktlærarane: - for innhaldet i møta
Mai/juni	Dei nye kontaktlærarane kjem på besøk	Rektor og kontaktlærarane
Mai/juni (evt august)	Elevane får presentere seg sjølv gjennom mappa	Rektor og kontaktlærarane
Juni	Foreldra får info om kven som vert ny kontaktlærer	Rektor/noverande kontaktlærer
September	Nytt oppfølgingsmøte ved behov	Kontaktlærer

FØRINGAR FOR OVERGANGEN

BARNESKULE TIL UNGDOMSSKULE

Mål:

- Sikre ein god start på ungdomsskulen
- Skape heilskap og tryggleik
- Sikre eit optimalt læringsutbyte for den enkelte elev

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Oktober	Informasjonsmøte – Lærarane på 7. og 8. steg utvekslar info om arbeidsplanar, arbeidsmåtar, organisering og viktig basiskompetanse	Rektor på barneskulen
Februar/mars	Foreldremøte 7. steg – info om overgangen, opplegg og innhald på ungdomssteget	Rektor på barneskulen
Mars	Besøk frå ungdomsskulen til elevane på 7. steget	Rektor på ungdomsskulen
Mai/juni	Lærarane har samrådsmøte for å utveksle informasjon	Rektor på ungdomsskulen
Juni	Skulebesøk for å treffe nye medelevar	Rektor på ungdomsskulen
August	Elevane får presentere seg sjølv gjennom mappa	Rektor på ungdomsskulen

FØRINGAR FOR OVERGANGEN

GRUNNSKULE TIL VIDAREGÅANDE SKULE

Mål:

- Hjelp e elevane til å gjere val i samsvar med eigne ønskje og føresetnader
- Gje elevane kunnskap om arbeidsmarknad og næringsliv
- Gje elevane god kjennskap til ny skule og motivere til nye utfordringar

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Desember	Fellesmøte på Dale vgs. Orientering om nytt og viktig for rektorar og rådgjevarar i Hafs og Gaular	Dale vgs
Januar	Rådgjevar på ungdomsskulane har orienteringstimar med 10. trinn og individuelle samtalar med kvar enkelt elev	Rektor/rådgjevar
	Rådgjevar på Dale vgs brukar ein dag på ungdomsskulane og samtalar med 9. og 10. trinn. Avsett tid til individuelle samtalar for dei elevane som ønskjer det.	Rektor/rådgjevar
	Foreldremøte ved Dale vgs der elevar og føresette får omvising og orientering, og elevane får høve til å søkje studieplass for kommande skuleår	Dale vgs
	Faget FRAMTIDSVÅL er ein viktig og god ”hjelpar” for kvar enkelt sitt val for framtidige studiar, - sjå lokal læreplan for faget.	